



Hagewick Bygg AS  
Holtermandsvegen 21B  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 19/2344 - 19/39047

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
20.12.2019

## Foreløpig svar på ny søknad samt trøng for tilleggsdokumentasjon - gbnr 137/253 Alver

Tiltak: Tilbygg  
Byggjestad: Gbnr: 137/253  
Tiltakshavar: Alexander Sværi Aasen  
Ansvarleg søker: Hagewick Bygg AS

Vi stadfestar å ha motteke dykker nye søknad 16.12.2019 og saka har saksnummer 19/2344. Tiltaket tilfredsstiller ikkje krava til endringssøknad og vert handsama som ny søknad.

Alle dokument som er naudsynte for å få den nye søknaden tilstrekkeleg opplyst må sendast inn til kommunen, jf. pbl. § 23-4. Det er ikkje tilstrekkeleg å vise til eksisterande dokumentasjon som ligg på søknad av 09.10.2019. Søknad av 09.10.2019 og søknad av 16.12.2019 er ulike tiltak.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 03.02.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Utan å ha gått gjennom søknaden og utan å ha sette på nabovarslinga til ny søknad, så skal ny søknad nabovarslast til samlege naboar.

---

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sett i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trøng for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev. Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 og byggesakforskrifta kap. 7.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søker/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert



ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesaksforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesaksforskrifta § 7-2 (1).

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesaksforskrifta § 7-3.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.	12 veker
Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5.	12 veker
Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2 og 20-3, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje ligg føre merknader frå naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig.  Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.  For søknad om løyve til tiltak etter § 20-4 gjeld 3 vekersfristen uavhengig av om det ligg føre merknader frå naboar/tverrbuarar. Løyve vert rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.	3 veker
Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve.	12 veker
Søknad om igangsetting	3 veker
Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn. Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk.	3 veker
Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn. Byggverket kan ikkje takast i bruk dersom fristen ikkje er halden.	3 veker

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesakforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Hagewick Bygg AS

Holtermandsvegen 5918  
21B

FREKHAUG

**Mottakarar:**

Alexander Sværi Aasen  
Hagewick Bygg AS

Alvermarka 6 5911  
Holtermandsvegen 5918  
21B

ALVERSUND  
FREKHAUG